



Banen er grøn og fin. Arbeid med skøytane pågår.

Siste døgnet har det verkeleg skjedd ting som viser att når det gjeld det flotte aktivitetsanlegget som er planlagt i nærområdet til skulen. Kunstgrasbanen vert sentral i dette anlegget, og etter at dei starta så smått med utlegging av kunstgras i går, var heile banen ferdig dekkja då eg var nedom kl. 15 i ettermiddag.

Leiar for baneprojektet, Odd Steinar Arnesen, var svært så fornøgd med framdrifta, og han kunne fortelja om at arbeidet hadde gått svært bra. Han rosa også dugnadsviljen.

- Vi har fordelt det på dei ulike fotballaga, og det har fungert svært godt. Folk har vore positive, og vi har hatt god bemanning, kunne han fortelja, medan Harald Sunde som også er i prosjektgruppa, kunne leggja til:

- Eg og melde meg til innsats, men då det ikkje var behov for meg, har dei hatt meg i bakhand som reservemannskap.

Då eg var nedom, var det kome eit fint grønt teppe over heile banen, og det heldt på med limearbeid og finpuss i skøytane. Dei reknar med å verta ferdige med limearbeidet i løpet av morgondagen. I tillegg til det skal dette teamet også merka opp banen med straffefelt og midtsirkel m.m.

Det neste som så skjer, er at ei anna gruppe kjem og spreier spesialgrus utover banen og arbeider den nedi graset. På toppen vert det så spreidd gummigranulat.

Interessa for arbeidet har vore stor blant den yngre garde. Derfor har det vore mindre aktivitet enn normalt i leikeapparata på skulen i dag. Svært mange har nemleg stått klistra til gjerdet og følgt med på arbeidet i friminutta. Då skulen var slutt, var det til og med nokre som la seg på banen og kosa med den grønne matta. Det er tydeleg denne banen er kjærkomen! Det er nok mange som ser fram til å bruka den.



Klar til å rulla ut dekket.(Foto: Tor Edw. Taranger)



Eksperten tar siste finpuss på skøyttane.



Lim vert fordelt på papirstrimla som skal ligga under skøyten, enkelt og genialt!



Her drar dei ut papirstrimla med påført lim.



Ein som gleder seg til å bruka banen: William S. Eik. Han måtte ha ein siste kikk før han gjekk heim frå skulen.



Martin H. Arnesen kom med kaffi og noko godt å bita i til dugnadsfolket. Her saman med Tommy Eidsvik og Kjetil Myklebust.



Sentrale i arbeidet: Kjetil Myklebust, Odd Steinar Arnesen og Harald Sunde
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland